

Møteinkalling

Dato: 22.01.2016

Til:	RNF, medlemmer		
Kopi:	Varamedlemmer med fleire		
Emne:	RNF; - Saksliste for møte tysdag 26. januar 2016	Sak:	2014/1323-27
Møtetid:	Tysdag 26.01.2016	Møtestad:	Nyskapingsparken/BTO, Vil Vite på Marineholmen, Thormøhlens gt. 51

Denne gangen blir møtet hos Nyskapingsparken/BTO på Marineholmen. Vi starter med lunsj i Nyskapingsparken (Mellomrommet) kl. 11.30 og tar sikte på å vere i gang med omvising innan kl 12.00 og sjølve møtet frå kl 12.15.

Tidsplanen for møtet er denne gangen relativt stram.

Møteplan:

Vi starter med en omvisning i lokalene og hilser på noen av bedriftene som er der kl 12.00. Møtet starter kl 12.15.

Sak 01/16 BTO, - status og planer for framtidig utvikling. (til kl. 12.35)

Direktør Anders Haugland orienterer om kor dei står i dag og kva som er spanande utviklingstrekk framover.
Spørsmål og diskusjon.

Sak 02/16 Inkubatorane i Hordaland, kven er dei, kva gjer dei og kor vil dei! (til kl. 13.45)

Vi samlar leiarane for dei tre inkubatorane som gir oss kvar si orientering om eiga verksemد og korleis det ser på nye samarbeidsmoglegheiter seg i mellom og med andre regionale utviklingsaktørar i fylket. Orienteringar ved:

- Dagleg leiar Børge Brundtland, Industriutvikling Vest
- Dagleg leiar Astrid Kjellevold Steinsland, Atheno
- Inkubatorleiar Hilde Indresøvde, Nyskapingsparken

Spørsmål og diskusjon.

Pause og beinstrekk. (til kl. 14.00)

Sak 03/16 Godkjenning av referat frå møtet 1. desember 2015 (til kl. 14.00)

Utkast til referat er sendt ut tidlegare og er også lagt ved (vedlegg 1).

Sak 04/16 Utkast til HNH 2016 (til kl. 14.30)

RNF er styringsgruppe og har eit overordna ansvar for HNH. Oppstart av arbeidet med HNH 2016 blei handsama på RNF sitt møte 30. okt. 2015. Eit første utkast til HNH 2016

utan budsjett blei handsama av RNF på møtet 1. des. 2015. Vedlagt eit kort notat om prosessen prosessen etter siste møte, dei viktigaste endringane i HNH 2016, og budsjettføresetnadane (Vedlegg 2). Utkastet til HNH 2016 ligg ved som eige dokument/vedlegg.

Mette Nora orienterer kort om prosessen, viktige justeringar for 2016 og føresetnadane for budsjettet.

Forslag til vedtak:

«RNF tilrår at forslag til HNH 2016 blir sendt fylkesutvalet for godkjenning».

Sak 05/16 Regional planstrategi for 2016 - 2020. (til kl. 15.00)

Fylkesutvalet har vedtatt å starte arbeidet med regional planstrategi for neste periode.

Strategien skal fremja heilskapleg planlegging og samordning av sektorar og forvaltningsnivå og vere tilpassa dei særlege utfordringane i Hordaland. Utfordringane for vidare næringsutvikling vil vere sentrale. Så også vedlagte notat (vedlegg 3).

Marit Rødseth vil orientere nærmere.

Spørsmål og diskusjon.

Sak 06/16 Status for omstillingsarbeidet i Hordaland (til kl. 15.20)

Vedlagt kopi av ei orientering som er sendt fylkesutvalet og som oppsummerar status ved årsskiftet (vedlegg 4). Omstillingsutvalet vedtok ein omstillingsstrategi for Hordaland som ligg ved som eige vedlegg.

Mette Nora/Arthur vil gje ein kort orientering. I tillegg blir også dei andre medlemmene av RNF oppfordra til å gje ein kort status sett frå deira stad.

Spørsmål og kommentarar.

Sak 07/16 Neste møte og møteplan for våren 2016 (til 15.25).

På møtet 1. desember 2015 blei det bestemt at studieturen skulle gå til Danmark. Det vil bli gitt ein kort status om arbeidet med turen så langt. Samstundes blir alle bedt om tenke gjennom kva som kan vere interessant å sjå nærmere på.

Det blir lagt opp til eit kort formelt møte i RNF i samband med studieturen. Dersom nokon har innspel til saker for dette møtet, ber vi om det.

Sak 08/16 Eventuelt

Vel møtt.

Med helsing

Bård Sandal

Arthur K. Arnesen

VEDLEGG 1.

Møtereferat

Dato: 08.12.2015

Emne:	RNF; - Referat frå møte 1. desember 2015	
Til stades:	Bård Sandal (leiar), Atle Markussen, Tom Knudsen, Elin Sjødin Drange, Dag Rune Olsen, Astrid Toft (til kl 13.00), Åse Vaag, Anne Kverneland Bognes, Nina Broch Mathisen (til kl 13.00), Inge Reidar Kallevåg, Torill Selsvold Nyborg (vara for Sveinung Valle) og Ole Gunnar Søgnen (observatør). Arthur K. Arnesen (sekretær)	
Forfall:	Roger Pilskog, Sveinung Valle og Mette Nora Sætre	Sak: 2014/1323-26
Møtetid:	Tysdag 1. desember 2015, kl 11.30 – 15.30	Møtestad: Hordaland fylkeskommune, Møterom Sunnhordland

Bård ønskte alle velkommen og særskilt Ole Gunnar Søgnen.

Etter møtet var det tradisjonell juleavslutting på Bryggeloftet.

Møteplan:**Sak 33/15 Godkjenning av referat frå møtet 30. okt. 2015**

Utkast til referat var sendt ut tidligare og var også lagt ved sakslista.
 Referatet blei godkjent.

Sak 34/15 Utkast til HNH 2016

Oppstart av arbeidet med HNH 2016 blei handsama på møtet 30. okt. kor RNF kom med nokre innspel. Saman med innkallinga var det eit kort notat om prosessen så langt og dei viktigaste endringane i utkastet til HNH 2016. Eit fyste utkast til HNH 2016 var også sendt ut. Utkastet hadde ikkje noko budsjettforslag for 2016, då det enno ikkje er gjort vedtak om dei økonomiske rammene for HNH 2016. Dersom fylkeskommunen får endeleg tildelingsbrev frå KMD før jul kan det vere mogleg å rekke handsaming av HNH 2016 på møtet i fylkesutvalet i januar 2016.

Arthur orienterte kort om prosessen og dei justeringane som var gjort så langt. Hans Inge Gloppen frå administrasjonen deltok under handsaminga av denne saka.

I tillegg til diskusjon og meir overordna innspel til utkastet, hadde RNF ein gjennomgang av utkastet og kom med nokre konkrete innspel til dei ulike avsnitta som blei notert. Det blei også diskutert korleis ein skal få handsama eitendeleg utkast av HNH 2016 med budsjett så snart dei økonomiske rammene er klare med sikte på endeleg handsaming i fylkesutvalet i januar 2016.

Konklusjon:

Dersom tildelingsbrevet frå KMD kjem før jul, blir det eit ekstra møte i RNF 4. januar for å handsame endeleg utkast til HNH 2016 med budsjett. Møtet blir rett i etterkant av fylkesordføraren sitt nyttårsmøte. Føresetnaden for møtet er at ein har klar ein oppdatert

versjon av utkast til HNH 2016 med forslag til budsjett og kor også dei innspela som kom i dette møtet er innarbeidd.

Sak 35/15 Ny kurs for Hordaland, - politisk plattform for det nye fleirtalet i fylkestinget.

På grunn av forfall frå Sveinung Valle utgår saka. I staden kom det inn ei ny sak om NAV si oppfølging av sjukefråvær.

Sak 36/15 NAV si oppfølging av sjukefråvær, - aktivitetskrav etter 8 veker.

Anne orienterte om korleis NAV no vil innskerpe og handsame krava som alt ligg regelverket. Det sentrale poenget er at for dei fleste sjukemeldte er aktivitet gjennom å utnytte restarbeidsevna den beste og raskaste vegen tilbake til arbeidslivet. Presentasjonen blir sendt ut saman med referatet.

Orienteringssak.

Sak 37/15 Hordaland i tal, statistikk om næring, innovasjon og kompetanse.

Hordaland fylkeskommune presenterar to gangar i året relevant statistikk for fylket. Denne utgåva har fokus på område som utdanning, forsking og næringsutvikling. Utgåva blei delt ut i møtet og kan også lesast [her](#).

Stian S. Ludvigsen presenterte interessante funn frå den siste utgåva og det var nokre spørsmål og kommentarar. Presentasjonen blir sendt ut saman med referatet.

Orienteringssak.

Sak 38/15 Status for omstillingsarbeidet i Hordaland

RNF har bedt om at dette er eit fast tema på møta framover.

Arthur ga ein kort orientering om status for arbeidet som fylkeskommunen driv gjennom Omstillingsutvalet og bruk av omstillingsmidlane. Det blei også gitt ein kort orientering om status i arbeidet med omstillingsarbeidet for Sør- og Vestlandet som skal starte opp neste år. Hans Inge Gloppen deltok også under denne saka.

Tom orienterte om at NHO hadde eit stort press frå medlemsbedriftene for å bistå i samband med permitteringer og oppseiinger. NHO ser for seg at 2016 også blir eit tøft år før det eventuelt begynner å snu i 2017. Ringverknadane begynner også bre seg ut i andre bransjar. Så langt er ikkje bil- og båt bransjane råka, noko som blir tatt som tekn på at pessimismen ikkje har nådd breie lag enno.

NHO arbeider mot sentrale myndigheter for å få utvida permitteringsreglane frå 30 til 52 veker. Det ville gitt større fleksibilitet for bedriftene. 30 veker er ikkje lang tid gitt den marknadssituasjonen vi har i dag.

Anne gikk kort gjennom novembertala for ledigheit i fylket og den utviklinga dei nå ser. Pressemeldinga frå NAV blir sendt ut saman med referatet.

NAV har også sett av 4 mill kr til søknadar om BIO midlar i 2015. Så langt har dei delt ut ca 1 mill kr til 4 bedifter og har 25 søknadar liggande.

NAV har inngått ein avtale med Bergen kommune om rekruttering av oppsagte fagfolk som følgje av omstillingsutfordringane.

Åse opplyste at i landbrukssektoren er framleis optimismen god. Investeringsmidlane blei brukt opp allereie i sumar. Stor investeringsvilje i mjølkeproduksjon og i frukt. Arbeidet med flyktningar og innvandrarar tar store ressursar hos fylkesmannen for tida.

Elin opplyste at Bergen kommune så langt ikkje har ein eigen satsing på omstillingsutfordringane, men viste til avtalen med NAV om å rekruttere ledige fagfolk.

Atle meldte om signaler frå frustrerte bedrifter som blir tvungen til å si opp nøkkelpersonell som kunne ha drive med meir langsiktig utvikling og forsking i bedrifta. Det positive er at det skjer ein del «knoppskyting» ved at oppsagte personer nå hentar fram forretningsideer dei har hatt liggande og ønskjer å etablere eigen bedrift.

Dag Rune orienterte om at dei no har lagt færre søkerar til petroleumsrelaterte studier sjølv om det framleis er bra med søkerar. Det er også auka interesse for studier knytt til fornybar energi og til dei «trauste» studiane som leverer kandidatar til offentleg sektor. UiB har fått 50 ekstra studieplasser til praktisk-pedagogisk utdanning.
Orienteringssak.

Sak 39/15 Lærlingordninga i Hordaland, - status og utfordringar.

Fagopplæringssjef Torbjørn Mjelstad orienterte om situasjonen for lærlingane i Hordaland, mellom anna sett i lys av dei utfordringane som er i olje & gass sektoren. Ca 32 % av ungdomane som starter på ei fagutdanning har fullført med fagbrev etter 5 år. Her er det eit stort forbetringspotensial kor alle partane må delta aktivt. Ei rekke tiltak er, og vil bli sett i verk.

Presentasjonen blir sendt ut saman med protokollen.

Karina Garnes Reigstad frå administrasjonen deltok under denne saka.
Orienteringssak.

Sak 40/15 Nytt og nyttig

Denne saka blei slått saman med Sak 38.

Sak 41/15 Neste møte og møteplan for våren 2016

Møteplanen var ikkje klar til møtet då ein mangla svar frå nokre av medlemmene.

Det er lagt til grunn at møtet i mars/april skal kombinerast med ein utanlandstur. Dei fleste innspela om tur gjekk i retning Danmark. Stikkord til tema for ein slik tur var mellom anna innovasjonsklustre, regionreform, delingsøkonomi og klynger. Administrasjonen blei bedt om arbeide vidare med ein konkretisering. Medlemmene har ulike nettverk i Danmark som dei gjerne kan nytte i samband med å lage eit program for turen.

I samband med det første møtet i januar/februar var det eit ønske om å besøke BTO og miljøet i Nyskapingsparken og få ein orientering om arbeidet der.

Sak 42/15 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

VEDLEGG 2

RNF. Sak 04/16. NOTAT om «Utkast til HNH 2016».

Bakgrunn

Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013. Andre regionale planar vedteke av Hordaland fylkeskommune og regionale strategiar i partnarskapen legg også føringar for handlingsprogrammet. Nasjonale forventningar til berekraftig utvikling og verdiskaping med fokus på miljø, økonomi og sosiale tilhøve er også førande. Handlingsprogrammet rullerast kvart år og prioriterer innsatsen og bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. I tillegg gir det føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet. Forvaltinga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge (IN) og samarbeidspartnerane Business Region Bergen, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknadar om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Forvaltarane av dei regionale etablerer-fonda handsamar mindre søknadar frå etablerarar.

Handlingsprogrammet for 2016 er utarbeidd av fylkeskommunen med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå Innovasjon Noreg Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland; Landbruksavdelinga, Business Region Bergen og Maritimt Forum. Regionalt næringsforum som er styringsgruppe har trekt opp rammene for arbeidet, har gitt innspel under vegs og skal gje gitt si tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning.

Innhaldet i Handlingsprogrammet er lite endra sidan møtet i Regionalt Næringsforum 1. des 2015. Teksten er kvalitetssikra i Næringsseksjonen sine innsatsgrupper og programmet er diskutert med representantar for opplæringsavdelinga. Budsjettføresetnadane er no klare og fordelinga av den økonomiske ramma i budsjettet er lagt inn. Det er gitt forklaring til budsjettet i eit eige kapittel.

Innheld og prioriteringar

Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioritærer konkrete innsatsområde knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane frå næringsplanen; *Meir entreprenørskap og innovasjon, Fleire med meir relevant kompetanse og Ein vel fungerande Bergensregion og attraktive regionale senter og bransjesatsingane*. Her kan nemnast etablerer-rettleiing og gründerar, utdanning tilpassa næringslivet sine behov, stimulering til innovasjon i næringslivet gjennom samarbeid, FoU og internasjonalisering. Bransjesatsingane vert vidareført med berekraft, miljø og omstilling som gjennomgående tema.

Lokalsamfunnsutvikling vert også prioritert i 2016 og innsatsen er knytt til området «*Ein vel fungerande Bergensregion og attraktive regionale senter*». I tillegg er kr 800 000,- løyvd til ny satsing innan «LivOGLyst»-programmet. Dette er ikkje ein del av HNH-budsjettet men Handlingsprogrammet vil gje føringar også for bruken av desse midlane.

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa og trøng for omstilling av næringslivet vil vere særleg prioritert arbeid i 2016. Mye av innsatsen vil vere knytt til fellessatsinga på Sør- og Vestlandet der seks fylker er med og som leiast av Hordaland fylkeskommune. Det er også ei særskild løyving i HNH-budsjettet på 5 mill kr for omstillingstiltak i Hordaland.

Utfordringar knytt til reduksjon av klimagassutslepp og trøng for utviklinga av næringslivet inn i eit «grønt skifte» er også omtala i eit eige kapittel. Innsats både innan entreprenørskap, innovasjon, «grøn» infrastruktur og transport, kompetanseutvikling i eksisterande næringar og utvikling av ny berekraftige næringar er aktuelt.

Økonomi

Den totale budsjettetramma i Handlingsprogrammet for 2016 er kr 55 114 000,-.

Rammer som ligg til grunn for budsjettet er:

- Statlege midlar 2016 (551.60): kr 49 750 000,-
- Fylkeskommunale midlar: kr 3 387 000,-
- Renter overførte frå 2015: kr 1 877 000,-

Midlar til Innovasjon Norge til bedriftsretta tiltak er i 2016 på 15 mill kronar. Ramma til Innovasjon Norge er redusert i høve til 2015 som følgje av at Innovasjon Norge har fått tilbakeført 25 mill kronar som skal nyttast i 2016. Totalt har dermed Innovasjon Norge 40 mill kronar til disposisjon i 2016.

«Tilrettelegging for næringsutvikling» er dei søkbare midlane, tilskotsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman kr 29 914 000,-. Dei søkbare midlane er på totalt kr 21 374 000,-. 2 mill kroner er til prosjekt innan klimarettta tiltak i næringslivet.

kr 850 000,- går til VRI i Hordaland i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Til entreprenørskapssatsinga i Innovasjon Norge er det sett av kr 900 000,-.

6.79 mill kroner er øyremerka midlar til tilskot til regionale samarbeidsaktørar. Denne posten er redusert med ca 1.4 mill kroner sidan 2015. Fordelinga vert fremma som eiga sak til fylkesutvalet 29.januar 2016.

Det er avsett 4 mill kronar til dei regionale etablerer-fonda. Etablerer-fonda er eit tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemnd.

Desse midlane er fordelt til samarbeidspartnarar slik:

- Sunnhordland: kr 792 000,-
- Hardanger: kr 584 000,-
- Bergensregionen¹: kr 2.624 mill.

Berekninga som er lagt til grunn er 35% av den totale ramma som basisløyving fordelt likt på dei tre regionane pluss dei resterande 65% av midlane fordelt mellom regionane basert på folketal pr. 1. januar 2016.

5 millionar kronar er øyremerk til omstilling i Hordaland. Desse skal nyttast til omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar med behov for omstilling. Endeleg fordeling av desse midlane på ulike prosjekt og tiltak skjer som eigen sak til fylkesutvalet.

1.2 millionar kroner er avsett til delvis dekking av kostnadane knytt til forvaltning av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.

¹ Hordaland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger

VEDLEGG 3

Notat

Dato: 20.1.2016
 Arkivsak: 2014/1323-28
 Saksbehandlar: grejaco

Til:	Medlemma i regionalt næringsforum
Frå:	Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling, HFK

Regional planstrategi 2016-2020

Fylkesutvalet vedtok igangsetjing av arbeidet med regional planstrategi i møte 18.11.2015 (sak PS304/2015). Fylkesadministrasjonen jobbar no med denne i nært samspel med Hordalandssamfunnet; kommunar, statlege regionale organ og viktige organisasjonar.

Strategien skal vedtakast seinast eitt år etter at nytt fylkesting vart konstituert.

Planstrategi – ein strategi for planlegging

Regional planstrategi er eit overordna dokument som skal leggjast til grunn for fylkeskommunal planlegging og forvalting i fylket. Strategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk, utfordringar, og utviklingsmogelegheiter. Den vil i tillegg vurdera behov for nye planar, revisjon av eksisterande regionale planar, og eventuelt om nokre planar skal utfasast.

Planstrategien blir den viktigaste planreiskapen for den regionale politiske leiarskapen komande periode, og skal leggjast til grunn for strategiske val og prioriteringar.

Regional planstrategi er formelt forankra i § 7-1 i plan- og bygningslova.

Planstrategi – ein arena for dialog og samhandling

Strategien skal utarbeidast i nært samspel med aktørar i Hordalandssamfunnet. Medverknadsprosessen skal sikra oss oppdatert kunnskap om situasjonen i Hordaland no, samt utfordringar og moglegheiter.

I dialog med Regionalt Næringsforum ønskjer vi å setja fokus på temaa næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Vi ønskjer innspel på følgjande problemstillingar:

- Kva er dei sentrale utviklingstrekkene og utfordringane Hordaland no står ovanfor?
- Kva er vore viktigaste styrkjar, og korleis kan vi byggja vidare på desse?
- Korleis bør vi prioritera vår innsats?

VEDLEGG 4

Notat

Dato: 14.01.2016
 Arkivsak: 2014/18069-38
 Saksbehandlar: artarne

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Status i arbeidet med å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa

På møtet 18.06.15 handsama fylkesutvalet ei sak om dei utfordringane denne industrien no møter. Det blei der vedtatt å opprette eit omstillingsutval med brei samansetnad og å sette av 5 mill kr av omstillingsmidlane til delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt retta mot denne industrien. I vedtaket ligg det at arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til videreføring. Dette kjem fylkesrådmannen attende til mot slutten av året. Eg finn det likevel naturleg å gi ein kort orientering om status i arbeidet no ved årsskiftet.

Status i arbeidet til Omstillingsutvalet.

I vedtaket blei det presisert at utvalet skulle ha to medlemmer frå fylkesutvalet, fire frå næringslivet (to frå arbeidstakar- og to frå arbeidsgivarsida), ein frå IN, ein frå NAV og ein frå ein sentral kommune. Dei to frå fylkesutvalet skulle vere Tom Christer Nilsen (fylkesordførar) og Sveinung Valle (Ap). I samband med skifte av politisk leiing i fylkeskommunen etter valet i haust, blei det også vedtatt å endre politisk representasjon i utvalet. Frå og med det andre møtet i utvalet, som var 4. november, har Anne Gine Hestetun (fylkesordførar) og Tom Christer Nilsen (H) deltatt. Utvalet har vore leia av fylkesordførar.

I august 2015 blei arbeidet med å få på plass dei andre representantane i Omstillingsutvalet starta. I arbeidet blei mellom anna LO, NHO, Næringsalliansen og KS konsultert. Utvalet fekk slik samansetnad:

- Tom Christer Nilsen fylkesordførar / Anne Gine Hestetun fylkesordførar
- Sveinung Valle, medlem fylkesutvalet / Tom Christer Nilsen fylkesutvalet
- Kurt Andreassen, direktør, CCB på Ågotnes
- Lars Solberg, direktør, Apply Leirvik, Stord
- Roar Andreassen, leiar Fellesforbundet Avdeling 5, Hordaland
- Stian Nyhus, leiar NITO Vestlandet
- Astrid Aarhus Byrknes, ordførar Lindås
- Anne Kverneland Bogsnes, direktør NAV Hordaland
- Nina Broch Mathisen, direktør IN Hordaland

Arbeidet i utvalet blei starta på det første møtet 28. september. Utvalet hadde totalt fire møte hausten 2015. Utvalet har så langt konsentrert arbeidet om å utarbeide ein «Strategi for omstilling innafor petroleumsindustrien i Hordaland» som blei vedtatt på det siste møtet før jul. Strategien er lagt ved. I

strategien er det peikt ut fire strategiske innsatsområde, men med eit særskilt fokus på kompetanse. Dei fire innsatsområda er:

- Kompetanseheving for arbeidstakarar som skal/vil omstilla
- Omstilling og endringsarbeid i bedrifter
- Større omleggingar og innskrenkingar ved hjørnestensbedrifter
- Nasjonale tiltak - påverkingsarbeid

For kvart av innsatsområda er det peikt på ein nokre sentrale tiltak/tiltaksområde. Det skal vere eit særskilt fokus på kortsiktige tiltak.

I tillegg til arbeidet med strategien har utvalet brukt tid på å halde seg oppdatert om situasjonen slik den blir opplevd av dei ulike aktørane i utvalet, gjennomgang og diskusjon av aktuelle tiltak, korleis kommunisere fylkeskommunen sitt arbeid med omstilling og korleis dei nasjonale rammetilhøva verker inn.

Bruk av omstillingsmidlane

Midlane blei lyst i oktober 2015. Det var relativt stor interesse for utlysninga og meir enn 15 forslag til prosjekt og tiltak er diskutert med omlag like mange aktørar. Så langt er det fremma ti søknadar og er det gitt tilsegn om midlar til fem prosjekt som er oppsummert i tabellen under.

Søkar og tittel	Strategiske innsatsområde	Prosjekt kostnad	Søkt beløp	Løyvd beløp	Kommentarar
<u>Innvilga søknader:</u>					
Atheno. Stord. Forkurs ingeniørutdanning	Kompetanseheving arbeidstakarar	800 000	400 000	400 000	For dei som har tatt Teknisk fagskule etter Stordmodellen.
Atheno, Stord. Frå ide til bedrift	Større omleggingar i «hjørnestensbedrifter»	720 000	300 000	300 000	Lavterskel tilbod
Aritech, Stord. Omstilling frå olje/gass til energi-Vestlandet	Kompetanseheving arbeidstakarar	1 477 000	1 477 000	370 000	Omstilling av elektrokom- petanse i Sunnhordland
Gode Sirklar/ Verkstadklynga, Sotra. Bedriftssamarbeid om felles marknadstiltak	Omstilling av bedrifter	485 000	195 000	170 000	Verkstad- bedrifter på Sotra som i stor grad har vore retta mot olje/gass.
Future Solutions, Bømlo. Opplæringsprogram omstilling gjennom samhandling	Omstilling i bedrifter. Kompetanseheving av arbeidstakarar	567 000	300 000	200 000	Bistand til BIO prosjekt, søknad og gjennomføring
Summer:		4 049 000	2 672 000	1 440 000	

Prioriteringane i strategien har vore retningsgivande for kva for tiltak som er prioritert og korleis dei er prioritert.

Oppsummering

Opprettning av ei eige omstillingssutval kombinert med å sette av øyremerka midlar til prosjekt og tiltak på området har blitt svært godt mottatt og gitt fylkeskommunen anerkjenning for å vise evne og vilje til å handle i ein vanskeleg tid for bransjen. Sjølv om det er for tidleg å seie noko om kva for konkrete resultat som er oppnådd så langt er det klart at mange av tiltaka ikkje hadde blitt sett i verk utan at fylkeskommunen hadde medverka økonomisk. Framover vil både Omstillingssutvalet og administrasjonen ha fokus på å få sett i verk prosjekt og tiltak som er prioritert i strategien. Det vil også vere fokus på å kommunisere ut arbeidet. Dersom det blir behov for meir midlar til arbeidet vil fylkesrådmannen komme attende med ein eiga sak om dette.

Som følgje av dei erfaringane vi hadde med omstillingssarbeid i eige fylke, blei Hordaland fylkeskommune i haust kontakta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet om vi ville ta på oss ansvaret for å leie eit tilsvarande felles omstillingssarbeid i dei seks fylka Aust Agder, Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette sa vi ja til og departementet hadde eit møte med alle dei seks fylka i november. Det er sett av 20 mill kr til dette arbeidet i Statsbudsjettet for 2016. På møtet blei Hordaland fylkeskommune bedt om å kome med eit forslag til korleis dette arbeidet kunne organiserast og drivast. Vi har enno ikkje fått det formelle oppdragsbrevet frå KMD, men planlegg å ha eit møte med dei andre fylka i februar for å diskutere dette nærrare. Fylkeskommunen kjem attende med nærrare informasjon så snart som råd. Når det ligg føre eit konkret forslag til organisering av arbeidet, vil dette bli lagt fram i ei eiga sak.

Vedlegg: «Strategi for omstilling innafor petroleumsindustrien i Hordaland».